
Fra: Fardal, Karstein <fmsfkfa@fylkesmannen.no>
Sendt: 28. august 2019 14:05
Til: Askvoll kommune; Askøy kommune; Aurland kommune; Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Balestrand kommune; Bergen kommune; Bremanger kommune; Børnmo kommune; Eid kommune; Eidfjord kommune; Etne kommune; Postmottak Fedje; Fitjar kommune; Fjaler kommune; Fjell kommune; Flora Kommune; Fusø kommune; Førde kommune; Gauldal kommune; Gloppe kommune; Postmottak Granvin kommune; Postmottak Gulen kommune; Hornindal kommune; Hyllestad kommune; Høyanger kommune; Jondal kommune; Jølster kommune; Kvam kommune; Kvinnherad kommune; Leikanger kommune; Postmottak Lindås; Luster kommune; Lærdal kommune; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Naustdal kommune; Odda kommune; Postmottak Os kommune; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Postmottak Samnanger; Selje kommune; Sogndal kommune; Solund kommune; Stord kommune; Stryn kommune; Sund kommune; Sveio kommune; Tysnes kommune; Ullensvang kommune; Postmottak Ulvik kommune; Postmottak Vaksdal; Vik kommune; Postmottak Voss kommune; Vågsøy kommune; Øygarden kommune; Årdal kommune; fagavdelingen@bergen.kommune.no
Kopi: Pedersen, Helge
Emne: Nasjonale prøver - beredskapsplan for gjennomføring
Vedlegg: Kontaktskjema.xlsx

Til skulefagleg ansvarleg i kommunen

Nasjonale prøver 2019 – beredskap knytt til gjennomføring og avslutning

Gjennomføringsperioden for nasjonale prøver er i haustrøtt felles for 5., 8., og 9. trinn. Alle tre trinna skal gjennomføre fra 2. september til 27. september.

Det er ikke mogeleg å gjennomføre nasjonale prøver før eller etter desse datoane.

Erfaringane frå i fjor syner at mange elevar ikkje fekk gjennomført prøvene. Mange elevar på ungdomssteget fekk ikkje skåra dei opne oppgåvane i lesing. Det synter seg at fleire lærarar

ikkje var klare over fristen og elevane fekk ikkje registrert poeng på desse opne oppgåvane.

Utdanningsdirektoratet har bede Fylkesmannen ha ein beredskapsplan som sikrar at gjennomføringa vert best mogeleg. Det betyr at vil «overvake» skulane si gjennomføring og registrering av prøvene i PAS-prøver. Der vi ser at skular er «bakpå» i gjennomføring og skåring av leseprøver, vil vi ta direkte kontakt med kommunen som då må syte

for at dette vert sluttført innan fristen 27. september kl. 23.59. Etter fristen er det ikke mogeleg å skåre opne oppgåver. Fristen blir ikkje utvida.

Oppgåver som ikkje er skåra innan fristen, blir automatisk sette til 0 poeng.

Vi ber kommunen rapportere inn ansvarsperson som Fylkesmannen kan ta kontakt med i kommunen med tanke på å følgje opp aktuelle skular i kommunen.

Bruk vedlagde excel-skjema og send det i retur innan 5. september til karstein.fardal@fylkesmannen.no

Som eit førebyggjande tiltak, oppmodar vi kommunen å lage ein gjennomføringsplan med fastsette datoar for gjennomføring og ansvarspersonar.

Utdanningsdirektoratet oppmodar skulane til å unngå å nytte siste gjennomføringsveka – veke 39. Berre nytte denne veka til oppsamling for elevar som ikkje kunne gjennomføre på dei aktuelle dagane, og til lærarane sitt arbeid med skåring av opne leseprøveoppgåver på 8. og 9. trinn.

Nasjonale prøver - passord til tidlegare gitte prøver

Mange lærarar og rektorer ringer dagleg til Fylkesmannen og ber om passordet for gamle nasjonale prøver.

Vi ber kommunen, nok ein gong, orientere skulane om passordet.

På grunn av opphavsrett i materialet, er tidlegare gitte nasjonale prøver i lesing og samisk, på udir.no, passordbeskytta.

Passordet for å få tilgang til tidlegare gitte prøver er [Prøver](#).

Meir informasjon om nasjonale prøver

Meir informasjon finn du på nettsidene til Udir <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/nasjonale-prover/>.

Vi ber skuleeigar spesielt vere merksam på regelverket om fritak frå prøvene og kravet til einskildvedtak.

[Her finn du meir informasjon om kven som kan få fritak frå nasjonale prøver.](#)

Lukke til med gjennomføringa av dei nasjonale prøvene.

Vedlegg: Skjema med innmelding av kontaktperson for nasjonale prøver i kommunen.

Med venleg helsing

Karstein Fardal
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 57 64 31 16

E-post: fmsfkfa@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl